

**BRATTHOLMEN SKULE***- Saman skapar vi framtida***Referat SU møte 7. juni 2023****Til SU-representantane ved Brattholmen skule:**

Anne Mette Lone	FAU, leiar	vara: for kvarandre
Christine Asheim	FAU	vara: for kvarandre
Ann Helen Dalen	pedagogisk personale	vara: for kvarandre
Pelle Landro	elevrådet, leiar	vara: for kvarandre
Nicolay Stornæs Skjold	Elevrådet, nestleiar	vara: for kvarandre
Benedicte Therese Bjelland	politisk representant	vara: for kvarandre
Liss Schumann	Kommunalt tilsett, sfo- leiar	vara: for kvarandre
Ingvill Kvalsnes Blom	kommunal representant, rektor	vara: Ingunn Kjelby

**Tilstede:**

Anne Mette Lone, Christine Asheim, Ann Helen Dalen, Pelle Landro, Liss Schumann og Ingvill Blom.

Ikke tilstede: Benedicte Bjelland, Nicolay Stornæs Skjold og Anne Mette Lone

**Saksliste****08/V22: Gjennomgang av innkalling.**

Vedtak: Innkalling og saksliste godkjennes.

**09/V22: Saker frå Elevrådet**

Elevrådet har dette året hatt ansvar for å gjennomføre ein «vær grei» kampanje dette for å redusere negativt språkbruk.

Elevrådet har vore engasjert i ulike saker, men ei sak som har vore på dagsorden på mange møter er ønske om eit nytt og betre uteområde. Elevrådet har fått kome med inspel og har vore i møte med arkitekt og fått vere med i prosessen.

Elevrådet har hatt møter kvar månad og hatt gode diskusjonar.

Vedtak: Vi takkar for orienteringa.

**10/V22: Saker frå SFO**



- eit fyrtårn i vest

## BRATTHOLMEN SKULE

- *Saman skapar vi framtida*

---

SFO har dette året arbeidd med ny rammeplan og kvalitetsplan. Dette året har det vore stabil bemanning og SFO riggar seg til ein haust med rekord med barn på SFO. Nærare 180 born startar på SFO denne hausten.

Vedtak: Saka vert tatt til orientering

### **11/V22: Saker frå FAU**

FAU opplever at det er eit godt samarbeid mellom skulen og FAU. Foreldra blir godt informert om det som skjer og har ein tett dialog med skulen.

FAU er opptatt av trafikken og at skulen får eit nytt uteområde.

FAU har dette året arrangert foreldrekveld med barnevakten (4. trinn) og med tema sjølvbilde og seksualitet. Det har vore godt oppmøte på desse kveldane.

Vedtak: Vi takkar for orienteringa frå FAU.

### **12/V22: Saker frå skolen**

Til hausten blir leiargruppa utvida med ein ny avdelingsleiar. Dette vert veldig bra. Avdelingsleiarane skal ha personalansvar og vere delt mellom småtrinnet og mellomtrinnet.

Vi vonar nytt uteområde. Skuleplassen er utdatert og treng verkeleg ein oppgradering. Det har vore ei viktig sak i mange år. Vedtake er gjort i kommunestyret og entreprenør er på plass for å gjere jobben. Kommunen er på ballen og det er sit komplisert prosjekt når både veg, utbyggar (Mai myra) og kommunen skal finne ei felles løysing for gjennomføring.

Brattholmen skule får 338 elevar frå hausten. 60 elevar byrjar på 1. trinn, er ein nynorsk skule, men svært få veljer nynorsk for sine born og har om lag 60 framanspråklege elevar.

Skulen har dette året arbeidd med fagfornyinga, knytta til djubelåæring og tverrfaglege tema. Satsingsområdet har vore å auke lesekompetansen til alle elevar.

Vi er ein digitalt skule, men vi vil at alle elevar skal utvikle ei handskrift som er funksjonell og ha skriveøker både i norsk og matematikk. Vi har starta med meir lek i skulen med god effekt. Vi har og for første gong gjennomført ei eiga forskarveke. Det vart ei spennande veke med ulike prosjekt på trinna.

Fysisk aktivitet inne og ute skal vere ein viktig del av opplæringa.

Brattholmen skule hadde svært gode resultat på nasjonale prøver hausten 2022. Resultata er betre enn snitt i øygarden kommune og nasjonalt.



- eit fyrtårn i vest

## BRATTHOLMEN SKULE

- *Saman skapar vi framtida*

---

Elevunderøskinga viser gode resultat på trivsel, mobbing, elevmedverknad og trygt miljøl. Elevane på skulen uttrykke at det er fint å gå her.

Vi har starta prosjekt Gard, 40 elevar har dette året fått vore på garden i grupper på onsdagar. Vi har starta skulekor med rundt 70 elevar og vi har faste livesendingar frå rektor sitt kontor. Vi har prøvd å markere høgtider og merkedagar og hatt ulike personar som gjestar.

Vedtak: Vi tek informasjonen til orientering.

### **13/V22: Eventuelt**

Vi drøfta utfordringar med sosiale media, flott at FAU er engasjert i dette tema.

Vedtak: Vi tek saka til orientering.

Med venleg helsing  
Brattholmen SU

19.6.23

Referent Ingvill K Blom, rektor